



mottaker

Referanse

2008/5737-KNAS

Dato

01.09.2011

## Faglig-pedagogisk dag 2012

### Invitasjon om tema og forelesingar til FAGLEG-PEDAGOGISK DAG - 3. februar 2012

Nok ein gong vil vi invitere fagmiljøa ved UiB til å komme med forslag til tema dei ønskjer å forelese i/halde kurs om på neste års Fagleg-pedagogisk dag, som blir arrangert *fredag 3. februar 2012*.

Formålet med dagen er som kjent bl.a. å gje lærarar høve til å bli oppdatert på utviklinga innanfor sine fag og det som skjer på forskingsfronten. Denne opne fagdagen for lærarar frå ungdoms- og vidaregåande skular frå heile Vestlandet har blitt ein svært viktig tradisjon. Det er SEVU som har hovedansvaret for planlegginga og gjennomføringa av dagen, i nært samarbeid med komiteen, som er samansatt av representantar frå alle fakulteta.

Også denne gongen er det fagmiljøa som finn fram til emne. Gjennom Fagleg-pedagogisk dag ønskjer Universitetet i Bergen å vise frem kva vi står for av fagleg kompetanse og kunnskap. Den store tematiske variasjonen i programmet gjenspeglar den faglege bredda av forskning og utdanning som føregår hos oss.

Dei siste åra har fleire fagmiljø sett saman forelesingsrekker eller "miniseminar" innan eit fagområde. Desse tilboda har vore vellukka, med gode tilbakemeldingar frå både forelesarar og lærarar, og med godt oppmøte. Vi vil difor oppfordre fagmiljøa til å fortsetje og utvikle denne praksisen.

Mesteparten av programmer blir likevel "vanlege" forelesingane på ein til to undervisningstimar. Særleg i den vidaregåande skulen blir det undervist i eit mangfald av fag ved ulike studieretningar og med mykje tverrfagleg prosjektarbeid. Dette inneber at *emne frå fagområde ved alle fakulteta er aktuelle som forelesingstema*.

Det er viktig å setje av tid til spørsmålsrundar og diskusjonar slik at tilhøyrarane kan få høve til å relatere innhaldet i forelesinga til eigen praksis.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

---

Senter for etter- og videreutdanning  
(SEVU)  
Telefon 55582040  
Telefaks 55589646

Postadresse  
Postboks 7800  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Nygårdsgt. 5  
Bergen

Sakshandsamar  
Kari Sørstrømmen  
55583307

## Undervisningsfri

Forelesingane vil gå føre seg på og omkring Nygårdshøyden, og vil leggje beslag på så vel auditoria og andre undervisningsrom som kantiner, garderober o.l. Anna undervisning blir innstilt 3. februar. *Ein treng derfor ikkje å være redd for kollisjonar mellom programmet på Fagleg-pedagogisk dag og den ordinære undervisninga.*

Bidraga frå dei ulike institutta og fagmiljøa inngår som ledd i den normale undervisningsverksemda.

## Skjema

Vi vil helst ha tilbakemelding om forelesingstilboda på det elektroniske registreringskjemaet (sjå adressa under). Alle med ansatt-konto ved UiB kan registrere forelesingane til Fagleg-pedagogisk dag 2012 her.

<https://intranett.uib.no/uPortal/Link?id=5176>

Vi ber fagmiljøa om å skrive *ein forklarande undertekst til tittelen*, slik at potensielle deltakarane kan få fleire opplysningar på førehand om kva forelesinga/kurset vil handle om. Tittel og undertekst vil stå i programmet, og vil utgjere "reklamen" for forelesinga. Det er difor viktig å tenkje godt gjennom korleis de ønskjer å presentere tilbodet i programmet.

Det er også særst viktig at ein opplyser om alt aktuelt utstysbehov.

Vi vil helst at du fyller ut skjemaet **innan 10. oktober**.

For å gje eit bilete av FP-dagen legg vi ved eit eksemplar av programmet frå februar i år. Dette programmet og program frå tidlegare år kan ein også finne her: <http://fp-dag.uib.no/>

Dei ulike fagmiljøa har sikkert fleire idear om korleis Fagleg-pedagogisk dag kan utviklast til å bli meir interessant og vi er svært interessert i innspel til vidareutvikling av tilbodet. Dersom de skulle ha behov for meir informasjon, kan de ta kontakt med SEVU, tlf. 55 58 20 40.

Vi takker for godt samarbeid i samband med FP-dag 2011. Med håp om mange positive tilbakemeldingar frå fagmiljøa også for 2012, ser vi fram til å samarbeide om å vidareføre og forbetra dette arrangementet ved UiB!

Venleg helsing

Knut Olav Aslaksen  
underdirektør

Kari Sørstrømmen  
førstekonsulent